



Haustetidsvurderingar for Nordfjord i veke 38, 19. sept 2022

Måndag 19. september er det teke ut haustetidsprøvar av Raud Gravenstein, Raud Aroma, Eden og Asfari.

Discovery blir no slutthausta også på seine plassar. Summerred er under hausting denne veka og er ikkje teke nye prøvar av. Gravenstein manglar enno litt på å vere hausteklar, men tidlege felt ser ut til å kunne starte opp kring komande helg. Aroma er truleg hausteklar komande veke det blir teke ut nye prøvar komande måndag.

Raud Gravenstein

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 10,8 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-index: 0,08-0,16

Dyrkar	O Rake			KO Loen		GA Vereide
Adresse	Loen			Loen		Sandane
Prøve nr	1			2		3
Dato	05.09.2022	12.09.2022	19.09.2022	12.09.2022	19.09.2022	19.09.2022
Fruktvekt (g)	195	217	220	212	222	205
Avlingsnivå	2-3	2-3	2-3	2-3	2-3	1-2
Grunnfarge	C1-C2	C2	C2-C3	C2	C2-C3	C2-C3
Fastleik	8,0	7,7	7,6	8,0	7,7	8,4
Sukker	10,7	11,0	11,4	11,3	11,8	12,1
Stive	2,0	2,9	3,5	3,3	3,3	4,0
Streifverdi	0,374	0,242	0,19	0,214	0,198	0,174



Raud Gravenstein prøve 1:



Den raude dekkfargen har utvikla seg fint siste veka og grunnfargen er på veg frå lys grøn til gul. Både fastleik og sukker er i optimalområdet.



Stiveinnhald i prøve 1 Raud Gravenstein. Stivenedbryting tek tid, men lovar godt for aukande sukkerinnhald i epla når frukta får hange på ut denne veka. Feltet er hausteklart til komande helg.

Alle tre prøvar av Gravenstein er komne i optimalområdet for sukkerinnhald og prøve 1 og 2 også for fastleik. Enno er det rikeleg stive att i epla og Gravenstein kan difor hange på til komande helg før haustinga startar opp. Dette gjeld for tidlege felt. Seinare felt kan starthaustast ut i komande veke.



Raud Aroma

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 6-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 11,2 %

Stiveinnhald: 4-6

Streif-index: 0,09-0,2

Dyrkar	KO Loen		K Kleppe	E Hamre	GA Vereide
Adresse	Loen		Innvik	Sandane	Sandane
Prøve nr	1		2	3	4
Dato	12.09.22	19.09.22	19.09.22	19.09.22	19.09.22
Fruktvekt (g)	178	186	184	193	160
Avlingsnivå	3	3	2-3	3	2 -3
Grunnfarge	C2	C2	C2	C2	C2
Fastleik	7,9	7,0	6,8	6,9	6,7
Sukker	11,3	11,8	10,6	11,1	10,9
Stive	2,0	2,9	3,2	2,6	2,6
Streifverdi	0,348	0,206	0,20	0,237	0,236

Raud Aroma prøve 1:



Dekkfargen er blitt meir skinande raud siste veka, men grunnfargen er framleis lys grøn C2 på fargevifta.



Stiveinnhald i prøve 1 Raud Aroma. Enno er det mykje stive att i epla. Etter kvart som stivenedbrytinga held fram vil sukkerinnhaldet auke og smaks kvaliteten bli betre. Fastleiken ligg optimalomådet.

Prøvane viser at Raud Aroma bør hange på til komande veke før haustinga tek til. Nye prøvar blir teke ut komande måndag.

Eden

Optimalverdiar for hausting er ikkje fastsett for denne sorten.

Dyrkar	OR Lyslo		
Adresse	Innvik		
Dato	05.09.2022	12.09.2022	19.09.2022
Fruktvekt (g)	135	159	174
Avlingsnivå	2-3	2-3	2-3
Grunnfarge	C1-C2	C2	C2
Fastleik	10,1	10,3	9,6
Sukker	9,7	10,1	10,2
Stive	1,2	1,7	3,2
Streifverdi	0,863	0,601	0,295



Fargeutvikling på Eden:



Fargeutviklinga er blitt betre siste veka, men enno manglar den gule grunnfargen som er karakteristisk for sorten. Den raude dekkfargen er heller ikkje godt nok utvikla.



Stiveinnhald i Eden. Stivenedbrytinga går seint for denne sorten. Dette er årsak til at sukkerinnhaldet også aukar svært forsiktig frå veke til veke. Epla er framleis harde.

Eden må framleis hange på og det blir teke nye målingar komande måndag.



Asfari

Optimalverdiar for hausting er ikkje fastsett for denne sorten.

Dyrkar	B Tystad	
Adresse	Sandane	
Dato	12.09.22	19.09.22
Fruktvekt (g)	162	171
Avlingsnivå	3	3
Grunnfarge	C1-C2	C2
Fastleik	7,2	7,1
Sukker	11,7	12,7
Stive	2,2	2,5
Streifverdi	0,281	0,222

Fargeutvikling på Asfari:



Raudskjer på solsida er under utvikling, men framleis manglar den gule grunnfargen på epla.



Stivenedbrytinga går sakte framover, men sukkerinnhaldet er allereie høgt og epla har utvikla god smak. Epla bør hange på enno ei stund.



Norsk
Landbruksrådgiving **Vest**

Nye prøvar blir teke ut måndag 26. sept.

Helsing

NLR Vest

v/Rune Vereide/Synneve Øyen Frøyen